

Eide Fjordbruk AS

Dato: 16.11.2017

Vår ref.: 2017/6259-14

Saksbehandlar: Vibeke Lokøy

Tlf: 932 49 179

Eide Fjordbruk AS, org. nr. 866751242 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune

Vi syner til søknad frå Eide fjordbruk AS dagsett 01.06.2017 om utviding av arealet på lokalitet 19655 Ospeneset i Lindås kommune.

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Eide Fjordbruk AS, org. nr. 866751242, akvakulturløyve med reg. nr. H-K-63, H-L-3, H-L-24, H-L-25, H-L-26 og H-L-27, løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

Lokalitetsnr.	Lokalitetsnamn	Kommune	Lokalitetsbiomasse
19655	Ospeneset	Lindås	3120 tonn

Løyvet gjeld for anleggsplassering som vist i vedlagt kart, med ytterpunkt som har følgjande posisjonar i grader og desimalminutt (Kartdatum Euref89/WGS84):

Midtpunkt	1	2	3	4	5	6
N 60° 44,812	N 60° 44,908	N 60° 44,839	N 60° 44,689	N 60° 44,759	N 60° 44,817	N 60° 44,828
Ø 05° 16,109	Ø 05° 16,150	Ø 05° 16,365	Ø 05° 16,161	Ø 05° 15,946	Ø 05° 15,881	Ø 05° 16,895

Lokaliteten er med dette klarert for løyva H-K-63, H-L-3, H-L-24, H-L-25, H-L-26 og H-L-27 tilhøyrande Eide Fjordbruk AS.

Lovheimel

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur av laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, dyreveldferdslova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Dette løyvet erstattar tidlegare lokalitetsklarering for lokalitet Ospeneset av 27.04.2017.

BAKGRUNN OG SAKSGANG

Om søknaden

Eide Fjordbruk AS søkte 01.06.2017 om å utvide arealet til akvakulturanlegget på Ospeneset i Lindås kommune. Selskapet har i dag løyve til produksjon av 3120 tonn laks, aure og regnbogeaure i akvakulturanlegg på lokaliteten. Anlegget består av tre plastringar i rammer på 100 x 100 meter. Det vert søkt om å utvide frå 3 til 6 ringar på lokaliteten. Dei tre nye ringane skal leggst i ei rekkje på nordvestsida, parallelt med dei eksisterande. Fôrflåten vert søkt flytta frå søraustsida av anlegget til nordvestsida. Dette er for å komme i møte ønskje frå naboar på Hodneland.

Bakgrunnen for søknaden er at selskapet ønskjer å ha ein produksjon som samsvarer med den MTB som lokaliteten er klarert for. Verksemda har løyve til å produsere 3120 tonn, og for å utnytte kapasiteten til lokaliteten, samt sikre optimal drift i høve til behandling av lus, treng dei tre merdar til. Det vert ikkje søkt om å auke MTB.

Høyring etter forskrift om konsekvensutgreiingar etter sektorlover

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR 2017-06-21-854). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalla vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III.

Offentleg ettersyn og kommunal handsaming

Søknaden har lagt ute til offentlig utlysing i Lindås kommune, og det kom inn to merknader til søknaden. Lindås kommune gav uttale til søknaden i brev av 30.08.2017. Dei har merknad knytt til at det må føreligge godkjent reguleringsplan før det kan gjevast godkjenning, og ynskjer at fylkeskommunen legg til rette for dialog og eventuelle tiltak for å betre tilhøva i Storelva gjennom handsaming etter akvakulturlova. Masfjorden kommune har ikkje kome med uttale til akvakultursøknaden.

Sektormynda si handsaming

Mattilsynet, region Sør og Vest, Kystverket Vest og Fylkesmannen i Hordaland har gjeve løyve til etableringa etter sine respektive lovverk. Fylkesmannen og Fiskeridirektoratet, region Vest har gjeve natur- og fiskerifaglege uttalar.

GRUNNGJEVING FOR VEDTAKET

Hordaland fylkeskommune har vurdert søknaden etter lov av 17. juni 2005 nr 79 om akvakultur, og i høve til generelle vilkår for klarering av lokalitet er gjeve i laksetildelingsforskrifta § 30 Lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) *det er miljømessig forsvarlig;*
- b) *det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på*
 - 1. *søkers behov for areal til planlagt akvakultur,*
 - 2. *alternativ bruk av området til annen akvakultur,*
 - 3. *annen bruk av området, og*
 - 4. *verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.*
- c) *det er gitt tillatelser som kreves etter*
 - 1. *lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,*
 - 2. *lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,*
 - 3. *lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.*
 - 4. *lov 24. november 2000 nr. 82 om vassdrag og grunnvann,*
 - 5. *lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd; og*

d) *det ikke er i strid med*

1. *vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,*
2. *vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,*
3. *vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.*

a) miljømessig forsvarleg

Søknaden er vurdert med omsyn til biologisk mangfald, forureining av det ytre miljø og økologiske effektar. Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslepp til luft og vatn er og vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova. Det er viktig å sikre at akvakultur i alle ledd skal utøvast på ein miljømessig forsvarleg måte. Drifta skal ikkje påverke miljøet på ein vesentleg negativ måte.

Vedlagt søknaden var MOM B, MOM C og straummålingar. I samband med utarbeiding av reguleringsplan for området er det gjort konsekvensutgreiing og kartlegging av biologisk mangfald i Austfjorden og Fensfjorden. Rådgivende Biologer har overvaka miljøtilhøva på lokaliteten med MOM B-granskingar sidan 2010, og samtlige undersøkingar har synt tilsstand 1 (svært god). Dei konkluderer med at kombinasjonen av gode straumtilhøve, god djupne og bratt skånande botn under anlegget gjer lokaliteten godt eigna til å handtere dagens produksjonssyklus.

Søknaden gjeld utviding av arealet for å kunne nytte produksjonskapasiteten som lokaliteten er godkjent for, samt gje fisken betre plass i merdane. Vurderingane i høve til om lokaliteten toler produksjonen er gjort tidlegare, og Fylkesmannen i Hordaland har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Miljøundersøkingane som er gjort på lokaliteten syner at resipienten toler godt dagens produksjon på 3120 tonn. Utviding av arealet vil føre til at organisk materiale frå produksjonen vert spreia utover eit større område, noko som vil vere positivt for nedbrytinga. Ved å auke arealet utan å auke MTB, vil ein få betre vassutskifting og betre oksygentilhøve for fisken i merdane.

Naturmangfaldlova

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 -12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta § 30 a.

Vurderingane i samband med søknaden er gjort ut i frå tilgjengeleg kunnskap og registreringar i området. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er i denne prosessen ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget sin påverknad på naturmangfaldet, jf. § 8 Kunnskapsgrunnlaget.

Saka vert sett på som tilstrekkeleg opplyst, og føre-var prinsippet vert difor ikkje tatt i bruk, jf. § 9 Føre-var prinsippet.

Søknaden inneber ei utviding av arealet på lokaliteten, utan å utvide MTB. Det er lite sannsynleg at utviding av arealet vil ha negativ verknad på miljøet under og i nærleiken av anlegget. Tilstanden ved utsleppspunktet vil verte overvaka med MOM B-undersøkingar. Tilstanden i fjordsystemet vert overvaka med mellom anna MOM C-undersøkingar. Vi kan ikkje sjå at det er grunnlag for å avslå søknaden ut frå omsynet til det biologiske mangfaldet, økologiske effektar eller naturmiljøet, jf. § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning.

Tiltakshavar skal dekke eventuelle kostnader ved å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet som tiltaket er årsak til, dersom det ikkje er urimeleg ut i frå tiltaket og skaden sin karakter, jf. § 11 Kostnader ved forverring av miljø.

Det er eigne forskrifter som gjev krav til teknisk standard og regulerer drift av akvakulturanlegg. Det er eit ufråvikeleg krav at drifta skal vere teknisk, biologisk og miljømessig forsvarleg, jf. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vassforskrifta

Vassforskrifta gir rammer for vassforvaltninga. I samsvar med vassforskrifta skal tilstanden i alle vassførekomstar beskyttast mot forverring, forbetrast og gjenopprettaast med sikte på at vassførekomstane skal ha minst god økologisk og god kjemisk tilstand. Vassforskrifta § 12 omhandlar ny aktivitet eller nye inngrep. Lokalitet Ospeneset ligg i vassførekomsten Austfjorden (ID 0261040300-2-C), som i samsvar med vann-nett har god økologisk tilstand. Det er ikkje venta at utviding av arealet på lokaliteten vil føre til at miljøtilstanden i vassførekomsten blir forverra.

Vurdering av innkomne merknader

I samband med offentlig utlysing av søknaden kom det inn merknader frå Storelva Elveeigarlag og Naturvernforbundet Nordhordland. Storelva Elveeigarlag er uroa for at større arealbeslag vil hindre ferdsel for allmennheten. Dei er skeptiske til utviding, grunna auke i mengd avfall og lakselus frå anlegget. Dei har fanga og observert laks i elva som stammar frå rømminga etter orkanen Nina i januar 2015, og meiner nedgang i bestand av aure og auka mengde lakselus på auren skuldast oppdrett. Dei ynskjer dialog med selskapet for å sikre at grunneigarar og elveeigarlag vert kompensert for tap og negativ påverknad som følge av akvakulturanlegget. Lindås kommune skriv i si uttale at dei ynskjer at fylkeskommunen legg til rette for dialog og tiltak for å betre tilhøva i Storelva.

Naturvernforbundet Nordhordland går imot utvidinga grunna auka arealbeslag, som i kommuneplanen ikkje avsett til akvakultur. Dei meiner og at området har stor potensiell rømmingsfare grunna prognosar for auka ekstremver i framtida.

Når det gjeld beslag av nytt areal i fjorden, syner vi til den omfattande reguleringsplanprosessen, kor detaljreguleringsplan for Ospeneset-Langøy vart vedteke i kommunestyret 2. november 2017. Der har kommunen sett av arealet til akvakultur.

Det vert sett krav til teknisk standard av akvakulturanlegg gjennom NYTEK-forskrifta. Alle anlegg må sertifiserast med omsyn til vind- og straumtilhøva på lokaliteten. Dersom hyppighet og styrke på ekstremver skulle auke i framtida, vil sertifiseringa ta omsyn til dette.

Eide Fjordbruk har gjennomført årlege granskingar av lakseluspåverknad på sjøaure i regionen. Lokaliteten inngår og i felles plan for tiltak mot lakselus utarbeidd i 2016/2017 av Nordhordland

Fiskehelsenettverk, der formålet med planen er å imøtekomme krav i regelverket som omhandlar lus, samt tilfredsstille næringa og ville laksebestandar sine behov for optimal effekt av iverksette tiltak mot lakselus i planen sitt geografiske verkeområde.

Hordaland fylkeskommune meiner at omsynet til arealbeslag, utslepp, rømming og lakselus vert godt ivarettatt gjennom dagens lovverk og selskapet si oppfølging av det. Vi oppmodar selskapet til å ha gode rutinar for drift av anlegget, og nytte beste tilgjengelege teknologi, samt ha god dialog med naboar og andre som vert påverka av drifta.

b) avveging av arealinteresser

1. Søkar sitt behov for lokaliteten/arealet.

Søkar sitt behov for lokaliteten er vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklarering. Dei ønskjer no å utvide arealet for å kunne ta i bruk den MTB som lokaliteten er godkjent for.

2. Alternativ bruk av området til anna akvakultur. Området er allereie i bruk til oppdrett av matfisk av laks

og aure, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur.

3. Anna bruk av området. Søknaden er vurdert opp mot anna og alternativ bruk av området. Selskapet søker om utviding av anlegg i eit område som er klarert for oppdrettsverksemd.

Fiskeridirektoratet har vurdert søknaden med omsyn til fiskeriinteressene, og dei kan ikkje sjå at den omsøkte utvidinga vil kome i konflikt med utøving av fiske.

Kommunen sin uttale skal tilleggast stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga skal likevel ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Lindås kommune har i sin høyringsuttale tilrådd etableringa.

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattast av bokstav d i søknadsprosessen.

c) løyve etter anna lovverk

Mattilsynet, Region Sør og Vest har gjeve løyve etter lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv og lov 19. juni 2009 nr. 97 om dyrevelferd. Løyve datert 26.07.2017 er vedlagt.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har gjeve løyve etter lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall. Fylkesmannen har gjeve løyve til utslepp for ein produksjon på 3120 tonn MTB. Løyve datert 12.02.2013 er vedlagt.

Kystverket Vest har gjeve løyve etter lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann. Løyve datert 06.09.2017 er vedlagt.

d) tiltaket skal ikkje vere i strid med:

1. Vedtatt arealplan etter plan og bygningslova. Anlegget ligg i område avsett til akvakultur i detaljreguleringsplan for akvakulturområde ved Langøy og Ospeneset, vedtatt 02.11.2017. Fortøyingane ligg i FNFF-område, som tillèt fortøying av akvakulturanlegg i kommuneplanen og dette er vidareført i reguleringsplanen. Delar av fortøyingane går inn i Masfjorden kommune, i areal avsett til fiske og areal for fleirbruk, som tillèt fortøying av akvakulturanlegg.

2. Vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova. Tiltaket er ikkje i strid med vedtatt vernetiltak etter naturmangfaldlova.

3. Vedtatt vernetiltak kulturminnelova. Det føreligg ingen informasjon om at tiltaket er i strid med vedtatt vernetiltak etter kulturminnelova. Ein kan likevel ikkje sjå vekk frå at det fins kulturminne i området, og fylkeskommunen viser til kulturminnelova og meldeplikta.

Etter ei samla vurdering gir Hordaland fylkeskommune Eide Fjordbruk AS løyve til å etablere anlegg for oppdrett av laks , aure og regnbogeaure på lokalitet Ospeneset i Lindås kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

- Anlegget skal ligge i samsvar med vedlagte kart og anleggsskisser.
- Løyve vert gitt utan ansvar til nabo-, eigedom-eller andre privatrettslege forhold.
- Løyve vert gitt under føresetnad av at etablering, drift og avvikling vert gjennomført i samsvar med andre gjeldande forskrifter og vilkår.
- Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle medarbeidarar på anlegget og for alle som har kontrollrett.

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter Akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengelege på www.lovdata.no.

Anna

Hordaland fylkeskommune viser til kravet i § 35 i forskrift av 17.06.2008 nr. 822 om drift av akvakulturanlegg når det gjeld miljøovervaking og rapportering av miljøundersøkingar til myndigheitene. Vi ber om at miljøundersøkingar blir sendt til myndigheitene via Altinn.

Når det gjeld drift av løyve, viser vi til forskrift 17.06.2008 nr. 288 om drift av akvakulturanlegg (akvakulturdriftsforskrifta) og forskrift av 19.3.2004 nr. 537 om internkontroll for å oppfylle akvakulturlovgivinga.

Løyvet kan trekkast tilbake dersom føresetnadane for løyvet vert vesentleg endra.

Klagerett

Vedtaket kan klagast på. I medhald av forvaltningsloven § 27b er det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta retten til å klage fullt ut. Merk at ei klage ikkje fører til utsett iverksetting av vedtaket. Det er likevel mogleg å søke om at iverksetting vert utsatt til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Sølve Dag Sundbø
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Løyve frå Kystverket Vest av 06.09.2017

Løyve frå Mattilsynet, Region Sør og Vest, av 26.07.2017

Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Hordaland, Klima og miljøvernavingdelinga av 12.02.2013

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland av 27.09.2017

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvern- og klimaavdelinga

Mattilsynet Region Sør og Vest

Kystverket Vest


Lindås kommune


Masfjorden kommune

H-K-63, H-L-3, H-L-24, H-L-25, H-L-26 og H-L-27
Eide Fjordbruk AS
Lokalitet 1965 Ospeneset



Lokalitet 1965 Ospeneset





(1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN	Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) 16.11.2017
(3) Mottakar (namn og adresse) Eide Fjordbruk AS	(4) Klageinstans Fiskeridirektoratet
Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjort kjend med. Klagerett De har rett til å klage på vedtaket. Kven kan De klage til? Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4). Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. Rett til å krevjegrunningjeving Dersom De meiner at vi ikkje har grunningjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunningjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunningjevinga. Innhaldet i klaga De må presisere – kva for eit vedtak De klagar på – årsaka til at De klagar – den eller dei endringar De ønskjer – eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. Kostnadene med klagesaka De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. Klage til Sivilombodsmannen Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen.	
Særlege opplysningar	

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve